

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

### **ORIENTERINGAR**

#### Helikoptertransport frå Stord lufthamn

Dag Aksnes, styreleiar i Stord lufthamn, orienterte om trafikkutviklinga på Stord lufthamn og om at det kan vera mogeleg å nytta lufthamna til helikoptertranport til Nordsjøen, og slik sett avlasta Flesland for ein del av trafikken.

#### Nordhordlandspakken

Styreleiar Pål Kårbø orienterte om status for Nordhordlandspakken.

- Det vert lagt opp til at sak vert lagt fram for samu i september og fylkestinget i oktober.
- Oppstart innkreving i 2018.
- Planlagt takst for liten bil (inkl rabatt) er kr 14.
- Timesregel.
- Makspris kr 700 per mnd (50 passeringar)
- Innrevningsperiode på 12 år.

#### Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om nytt frå Skyss. Fylgjande tema vart trekt fram.

- Bybanefrekvens frå august 2014
- Reisetal for snøggbåtrutene i 1. tertial
- Inntekter frå dei einskilde salskanalar.
- Reiseproduktfordeling
- Utdrag frå reisevaneundersøkinga 2013
- Organiseringa av kontraktsoppfølgjinga.

### **YMSE**

**Tom Skauge** stilte fylgjande spørsmål:

#### **1. Hemmelighalde granskingsrapportar**

VG skreiv i helga at Statens vegvesen sine fem regionale ulykkesanalysegrupper (UAG) mellom 2005 og 2012 har produsert omfattande rapportar på 1548 dødsulykker. Desse har ikkje vore gjort tilgjengelig for dei etterlate eller for offentligheten. Rapportane avdekkja at vegmyndighetene i 14 ulykker etter 2005 har konkludert med at vegforholda var avgjerande for at 15 menneskeliv gjekk tapt. Spørsmål til Fylkesrådmann:

- Er nokre av dei 14 omtalte ulykkene i Hordaland?
- Viser nokon av rapportane av vegforholda var medverkande årsak til ulykker i Hordaland?
- Vil Statens vegvesen vurdere å endre sin praksis slik at vesentlig informasjon om alvorlige ulykker er tilgjengelig for etterlate og offentlighet?

## 2. Utredning av CO2 utslipp

Regjeringa har varsla at E39 skal byggjast etter statlig reguleringsplan for å unngå forseinkingar som skuldast lokale motsegner mot vegplanane. Samtidig kan klimautspel på Høgres landsmøte tyde på brei politisk semje om at klimatrusselen bør bli teke på alvor. Spørsmål til Fylkesrådmann:

- a. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utslippsanalyse av nyskapt CO2 utslipp og lokal luftforureining frå dei ulike delstrekningane for ferjefri E39 med tanke på utslepp ved bygging?
- b. For Hordaland: Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå ferdsel på indre trase og midtre trase vurdert etter prognosar for ÅDT og for ulike aktuelle fartsgrenser.
- c. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå ferdsel for ferjealternativet med aktuell ny motorteknologi?
- d. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå vegtrafikk i Bergensdalen dersom nye E39 med bru over Bjørnefjorden skal gir 15 000 ÅDT inn mot Bergen sør slik prognosane viser. Dette er vel en seksdobling av dagens trafikk over Halhjem - Sandvikvåg
- e. Det skal være bestilt en analyse frå SINTEF om på undersøke CO2 utslipp underskrevet 17. juli 2013 med frist til 31. oktober 2013 med på å levere et "Prosjektnotat". Er dette klart for presentasjon til offentligheta?

## 3. Nye konfliktar mellom sykkel og bil

Utbygginga av samanhengande sykkelveg frå Bergen sentrum mot sør vil gje betre framkome for syklende , men skaper samtidig nye risikopunkter for samanstøyt med ulike andre trafikantar. To slike kritiske punkt er krysning frå Solheimsgaten med sykkel over fotgjengarfeltet i Michael Krohnsgate og tilsvarende krysning 100 meter lenger mot nord. Spørsmål til Fylkesrådmann:

- a. Kva vurdering gjer vegmyndighetene for å redusere risiko for ulykker ved desse og tilsvarende andre krysningspunkt?
- b. Er det aktuelt å setja opp skilt for stopplikt for biltrafikk slik det er gjort der sykkelvegen kryssar innkjøringa til parkeringsplassen sør for Bystasjonen?

Spørsmål 1 og 3 vil ein koma attende med skriftleg svar på.

Når det gjeld spørsmål 2 orienterte Håkon Rasmussen om det er staten som no har hånd om den vidare planleggjingga av E39. Spørsmåla som er stilte kan vera aktuelle å ta opp når forslaget til planprogram kjem på høyring.

Pkt e) i spørsmål 2 vil ein koma attende til.

**Gustav Bahus** orienterte frå dialogmøte med Vegdirektoratet.